

ÅRSRAPPORT FRÅ STATENS NATUROPPSYN TIL NASJONALPARKSTYRET FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE 2013



SNO tilsette: Rigmor Solem

I tillegg er det kjøpt tenester av: Lom fjellstyre, Vågå fjellstyre, Luster kommune, Stiftinga Utladalen Naturhus i Årdal, Utladalen Sameige i Luster, Storådalen Beitelag i Lom og Geirr Vetti i Luster

1. Oppsynsaktivitet: kontroll/tilsyn, informasjon mv

Kort orientering i henhold til faktisk aktivitet og bestillingsdialogen (skjema A):

Oppsyn i felt: 1769 timer (inkl reise og klargjering)

Kontor/adm: 1106 timer

Informerte i felt (naturveiledarane sjå eig pkt): 1566 personar

Kontrollerte: 64

Advarslar: 4

Rapport til politiet: 1

Aktivitet mht rovvilt rapporteres gjennom rovbasen og tas ikke med i rapporten.

Villrein

Kort om aktivitet

Dei seinare åra har SNO hatt eit spesielt fokus på villreinstamma i Vest-Jotunheimen. Dette skuldast ein kraftig nedgang i åra 2006 – 2009. Det har ikkje vore opna for jakt sia denne nedgangen starta. Oppsyn i samband med store arrangement i området rundt Turtagrø, tidleg brøyting av Tindevegen og utfarten utpå vårvinteren har vore prioritert.

Utviklingstrekk/utfordringar

Villreinflokken brukar delar av NP i området Soleibotn-Svartafjellet-Fanaråken heile vinteren Simle/ungdyr drog vestover i mars. Kalving rundt 1.mai

40-50 bukkar vart verande aust for Tindevegen heile sommaren. Nokre få bukkar vart observert i Maradalen.

Ein liten flokk simler/kalv prøvde seg austover i starten av mai, men snudde ved Tindevegen (opna 1. mai).

Som det er sagt tidlegare år er nok brøytinga av «Tindevegen» tidleg i mai ei utfordring for reinstrekket mellom halvøya og områda austafør. Meterhøge brøytekantar vert ei fysisk sperre som hindrar reinstrekket til/frå gode vårbeite i Austabotn og Gravdalen.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Villrein og ferdsel er eit tema som bør følgjast opp. Spesielt gjeld dette i samband med dei store arrangementa i området Turtagrø/Fanaråken/Hurrungane og rundt opning av Tindevegen i månadsskiftet april/mai.

Rovfuglar, ugler og andre fuglar

Kort om aktivitet

Under oppsynsturane i Utladalen er kongeørn registrert med jamne mellomrom heile året, men det er ikkje påvist hekking ved dei kjente reirplassane. Hønsehauk vart sett jaktande rundt innmarka i Avdalen eit par gonger om sommaren. Tårnfalk vart observert hyppig, og det skuldast nok ein god tilgang på smågnagarar i heile Vest- Jotunheimen. Spesielt i Øvre Utladalen var det mykje lemen å sjå i sommar. Kattugle vart sett på dei faste plassane i området Hjelle- Avdalen. Ei daud kattugle vart funne i Avdalsskori, ved reirplass. Truleg teken av mår. Haukugle vart sett ved fleire høve i nedre Utladalen. Sjølv om haukugla er ein

nomade som ikkje har fast tilhald, men opptrer i gode smågnagarår, er den ikkje vanleg på vestlandet.

I Avdalsområdet vart det ved fleire oppsynsturar i vinter og vår prøvd å lokke fram hakkespettar ved lokkelyd. Målet var å finne ut om det fans kvitryggspett i området. Kvityggspetten er ein art som er knytt til gammal lauvskog. Særs sjeldan å finne på austlandet, men vanlegare på vestlandet. Det lykkast ikkje å påvise kvitryggspett i området. Berre flaggspett.

Oppå Vettismorki vart det utpå vårvinteren påvist fleire spellassar for orrfugl.

Heller ikkje i Knutshø vart det påvist hekking av kongeørn i år ved den kjente reirlokaliteten. Eit fjellvåkpar vart observert ved fleire høve aust for Vargebakken, utan at det er påvist hekking i området. Reinsgjetarane meldte frå om at det var sett jaktfalk i Leirungsdalen utpå vinteren.

Artsobservasjonane er lagt inn i artsobs.

Utviklingstrekk/utfordringar

Da det var til dels mykje smågnagarar, spesielt i vest, var det nok eit godt år for smågnagarspesialistane tårfalk, kattugle og haukugle. For dei andre artane kan det vere at byttedyrbestanden var for skrinn, spesielt for kongeørn og jaktfalk. Lite rype og hare å sjå. Uro i den sårbare hekkeperioden frå februar av kan vere ein av grunnane til at kongeørna ikkje hekkar. I Utladalen dreiv forsvarrets jagarfly lågtflyging utover seinvinteren og våren. Og da er det spesielt uheldig i yngletida for sårbare artar. Det same gjeld helikopterflyging i denne tronde dalen.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Halde fram registreringsarbeidet, med spesielt vekt på hekketida utover vinter og vår. Følgje spesielt med aktivitet som kan uroe i den sårbare tida for hekking/yngling.

Kontroll av dispensasjonar

Kort om aktivitet

I løpet av året er det utført ein del kontrollar av motorferdsel for å sjekke at aktiviteten skjer i samsvar med dispensasjonar. Ved fleire høve har SNO tilrådd bruk av kjørerute eller flygerute for å unngå forstyrring av dyre- og fuglelivet. Meldte frå til nasjonalparkstyret om persontransport med helikopter som ikkje var i samsvar med vilkåra i løyvet. Meldte frå til DNT Oslo og Omegn om unødig snøskuterbruk knytt til drift av turisthytter.

Årdal Jeger- og fiskeforening bygde i år tre uthus ved hyttene sine i landskapsvernområde. Tomtevalg vart gjort på bakgrunn av synfaring sommaren 2011.

Utviklingstrekk/utfordringar

Førebuing til påskesesongen og problem med vassforsyning førte i år til omfattande snøskuterbruk og helikopterflyging i tilknyting til drift av Skogadalsbøen. Forsvaret brukta Utladalen som lågtflygingsområde i den mest sårbare tida for faunaen om seinvinteren og våren.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Halde fram kontroll av dispensasjonar.

Ulovlege tiltak

Kort om aktivitet

Rapportering til politiet av båtnaust ved Øytjørn i Hjelldalen. Ikkje omsøkt.

Rapportering til Nasjonalparkstyret om ulovleg merking og sikringstiltak ved Jostigen.

Fjerning av ulovlege vardar og skilt.

Utviklingstrekk/utfordrinar

Stort press på enkelte ruter for betre merking/skilting. Enkeltpersonar tek seg til rette utan løyve.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Følgje nøye med tilstanden langs Jostigen.

Arrangement

Kort om aktivitet:

Det er mange store arrangement i og nær ved nasjonalparken og landskapsvernombordet. Og SNO prioriterar å vere tilstades ved desse arrangementa for å sjå til at alt føregår på ein berekraftig måte. I dei fleste høve er vi i dialog med arrangørane både før, under og etter arrangementa.

Utviklingstrekk/utfordringar

High Camp Turtagrø i mai, Vinjerock ved Eidsbugarden i juli og Fjellfilmfestivalen ved Gjendesheim i september er dei tre største med over 1000 deltagarar. Det blir arrangert mange turar inn i nasjonalparken. I sjølve festivalområdet er lydnivået spesielt høgt under desse store arrangementa. Teltleirar slit på vegetasjonen. Påverknaden på dyre- og fuglelivet er vanskeleg å dokumentere. Men, det er tydeleg å sjå at villreinen i Turtagrøområdet trekkjer unna under High Camp-helga i den sårbare tida for villreinen i mai.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Viktig at oppsynet er tilstades og godt synleg ved dei ulike arrangementa. Viktig å halde fram den gode dialogen med arrangørane.

Informasjon og naturvegledning:

Kort om aktivitet

Ny informasjonstavle og plakat vart set opp ved brua over Uradøla i Koldedalen i sommar.

Informasjonsplakaten på skifertavla ved Eidsbugarden var falma og prega av tidens tann.

Denne vart demontert før vinteren og er klar for ny plakat til sommaren.

Verneområdeskilta ved grensene vert ettersett og skifta ut ved behov. To nye skilt er set opp i år ved dei umerka stiane til Austabotntind og Soleibotntind på Berdalsfjellet.

Prøveprosjektet med eigne naturvegledrarar i Jotunheimen har vore vidareført også dette året med 1 sesongtilsette naturveiledarar i høgsesongen. I rapporten frå Ingvild Øyjordet går det fram at ho har vegleda i alt 1820 personar både i felt og ved turisthyttene. Tiltaket haustar mykje positiv omtale, og samhandling med lokale aktørar har skapa fleire gode aktivitetar for publikum. I tillegg er det lagt vekt på god naturvegledning av dei faste oppsynet (1566 personar), spesielt ved ulike arrangement knytt til turisthyttene og Utladalen Naturhus. Her kan m.a. nemnast Bronsealderdag for 4.- klassingar i Årdal i mai, Flaggermusnatt i Utladalen

i august, Nasjonalparkfestival i Utladalen i mai, seminar om friluftsliv «Under Storen» i Utladalen i mai, 125-års jubileum ved Skogadalsbøen i juni, Fjellfest ved Gjendebu i juli, Seniortreff ved Gjendebu i september.

Utviklingstrekk/utfordringar

Informasjonsplakatar vert utsett for harde klimatiske tilhøve i høgfjellet, og dette krev jamnt ettersyn og utskifting. Samstundes verkar behovet for god informasjon å vere aukande for nye grupper og mange uerfarne brukarar. Turisthyttene har som regel minimal med plass for oppsetting av plakatar og anna informasjon. Behovet for god naturvegledning verkar å vere aukande.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Ny informasjonstavle ved Eidsbugarden, i samarbeid med Vang fjellstyre. Vidareføre produksjon og oppsetting av "roll-ups" ved turisthyttene i heile Jotunheimen. Vidareføre dei gode samarbeidstiltaka og utvikle nye når det gjeld naturvegledning.

Tilretteleggingstiltak

Kort om aktivitet

SNO har også dette året hatt ansvaret for koordinering av fleire stitiltak. Fleire tiltak har vore vedlikehald av tidlegare restaurering. Stien fra øvst i Vetle Utladalen til Storebrui over Utla (vassrenner og steinsetting), Besseggensti ved Memurubu og Gjendesheim (vassrenner, steinsetting og revegetering), stien langs Gjende fra Gjendesheim til Hamnsanden (drenering og steinsetting), stien opp Svardalsoksla (steinsetting), stien opp Raudalsbandet (steinsetting) og stien ved Høgstulen ved Gjendebu (støttemurar). Steinarbeitet vart utført av sherpaer via tenestekjøp frå Geirr Vetti.

Halvklovningar av feitfuru vart lagt ut på våte parti av stien ved Gjendebu mot Storådalen.

Parkeringsplassen ved bommen i Veodalen vart også i år opprusta med ny grus. Eit samarbeid med Vole på Glitterheim.

Stiftinga Utladalen Naturhus har i sommar opparbeidd tilrettelagt sti og toalett for rørsluhemma ved Naturhuset. Det vart gravd ned tankar for kloakk og gråvatn. Arbeidet med den oppmura stien er ikkje heilt fullført, da ein måtte spreng vekk noko svaberg for å få til godkjent stibreidde. Arbeidet er utført av lokale handverkarar og sherpaer innleigd frå Geirr Vetti.

Utviklingstrekk/utfordringar

Kraftig og mykje nedbør dei seinare åra gjer at både slitasje, erosjon og direkte skade vert meir omfattande enn normalt. Ting kan skje plutselig og utan forvarsel. Det er også store utfordringar knytt til å utføre arbeidet i områder langt vekke frå bilveg og husvære. Dessutan er sesongen kort i høgfjellet. Fleire bruar er utset for hardhendt behandling og er dessutan gamle. Dette gjeld bruene over Maradøla og Utla ved Vormeli og bruene over Fleskedøla og over ein bekke ved utløpet av Vettisfossen. DNT Oslo og Omegn har meldt inn behov for to nye bruar ved Bessvatnet og Russvatnet.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Det er framleis fleire stistrekningar som treng omfattande restaurering/reparasjon. Følgjande stiar er aktuelle for tiltak neste år: stien opp til Veslåfjellet opp mot Vetleløyfti (steinsetting

og revegetering), stien opp mot Sjugurdstind frå Memurubu (steinsetting og revegetering. Elles trengs det jamnt ein del vøling av utførte tiltak. Nye bruer trengs.

Kulturminner

Kort om aktivitet

Arbeidet med restaurering av det store steinselet ved Skogadalsbøen vart fullført utvendig i sommar. Nils Teigen frå Lom utførte arbeidet på oppdrag frå Utladalen Sameige. Sherpaene brukar ein dag på å stikke torv og legge torvtak da dei var der inne på stiarbeid i september.

Utviklingstrekk/utfordringar

Transport av utstyr, materialar og mannskap er ei utfordring for utføring av alt restaureringsarbeid. Det fuktige klimaet er ei utfordring på alle bygningar.

Anbefalte oppfølgingspunkt neste år

Fleire bygningar i Utladalen treng restaurering / vøling. Dette bør komme med i revidering av skjøtselsplanen for Utladalen. Steinselet i Guridalen som vart påbegynt restaurert i 2011 treng nytt tak, dører og vindauge.

Skjøtsel

Kort om aktivitet

I samsvar med skjøtselplanane for heimre Utladalen og Gjendebuområdet vart det også i år utført omfattande slått, krattrydding, bråtebrenning, hogst og beiting ved dei ulike kulturmarkene. Arbeidet er i hovudsak utført gjennom tenestekjøp. Også i år vart det i tillegg til dei faste tenesteytarane, Stiftinga Utladalen Naturhus og Lom fjellstyre, kjøpt tenester frå Utladalen Sameige og Storådalen Beitelag. Nytt av året er slåtthelga ved Gjendebu midt i august. Eit tiltak i samarbeid med Gjendebu turisthytte og i samband med MONA-prosjektet «I Gjendine Slåliens fotspor i Jotunheimen».

Utviklingstrekk/utfordringar

Kraftig og mykje nedbør gjer arbeidet tyngre og vanskelegare. Stor slitasje på maskiner og utstyr i til dels bratt og uvegsamt terrengr.

Anbefalte oppfølgingspunkt for neste år

Utvide skjøtselsområdet i heimre Utladalen til å omfatte Stølsmaradalen, Vettismork, Vormeli og Skogadalsbøen. Halde fram arbeidet med fjerning av einekratt og styrkt beiting med geit og storfe ved Gjendebu. Invitere til slåttekurs ved Gjendebu i august (15. – 17.)

2. Utkvittering av bestilte tiltak 2013

Bestillinga frå Nasjonalparkstyret av tiltak frå SNO har i 2013 vore om lag som dei seinare åra. Oppdraga er rapportert gjennom tabellane på dei neste sidene.

Bestillingsskjema B mellom forvaltningsmyndighet og Statens naturoppsyn (SNO) lokalt for 2013

Forvaltningsmyndighet/styre: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen Kontaktperson: Kari Sveen Telefon: 94 88 05 64

SNO lokalt: Rigmor Solem Telefon: 959 65 158

(dersom man velger å samle innspill til flere SNO lokalt i samme bestillingsskjema – før opp flere navn og telefonnr her)

Bestillinger fra forvaltningsmyndighet på SNO's personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver (fyller ut avforvaltn.myndighet)

Bestillings-nummer (fylke + nummer + år)	Prioritet Kategori 1-3 og evt frist for oppdrag	Hvis verneområde ID-nr. for området (Naturbase)	Navn på område/lokalitet	Beskrivelse av oppdrag	Anslått tidsbruk i ukeverk	Kryss av hvis behov for egen rapport	SNO sin rapportering av oppdraget (SNO fyller ut etter utført arb.)	SNO sine forslag til videre oppfølging, eventuelle oppgaver som ikke er utført (fyller ut etter utf. arb.)
JOT 1-2012	1	VV0000 1869	Jotunheimen	Overvaking jaktfalk		x	Ingen eigne obs. Melding om jaktfalk i Leirungsdalen	Vidareføring
UTL 2-2012	1	VV0000 0706	Utladalen	Overvaking jaktfalk		x	Ingen eigne observasjonar	Vidareføring
JOT 3-2012	1	VV0000 1869	Jotunheimen	Tilrettelegging innfallssport Gjende/Hamnsand– telling		x	Utført steinsetting/drenering.. Telling ikkje utført.	Årleg vedlikehald. Telling.
UTL 4- 2012	1	VV0000 0706	Utladalen	Skjøtselsplan Utladalen – evaluering/oppfølg.			Utført	Årleg vidareføring.
JOT 5-2012	1	VV0000 1869	Jotunheimen	MONA-prosjektet – I Gjendine Slålien sine fotspor			Intervju i Lom utført. Slåttehelg utført.	Produsere film på bakgrunn av intervju m.m.. Slåttekurs.

Underskrift/evt sign forv.myndgihet:

SKJEMA C – Tiltak i nasjonalparker og andre verneområder (tiltak som er tildelt midler over 1426.30 og der SNO-L er økonomisk ansvarleg og ansvarleg for gjennomføring)

Statens naturoppsy (SNO)

SNO er miljøforvaltningens operative feltorgan som er myndighetsutøver etter lov om statlig naturoppsy av 21. juni 1996. Loven gir SNO-personell tilsynsmyndighet og ansvar for oppsyn med overholdelse av følgende miljølover; friluftsloven, naturmangfoldloven, motorferdselsloven, kulturminneloven, viltloven, laks- og innlandsfiskloven, markloven og deler av forurensningsloven i hele landet, både på offentlig og privat grunn. Oppgaven er todelt og retter seg både mot tilsyn og overvåking av naturtilstanden og tilsyn med menneskets aferd i naturen i forhold til gjeldende regelverk.

Den nasjonale ledelsen i SNO ligger i Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim og det heltidsansatte lokale naturoppsynet har arbeidssted tilknyttet sitt geografiske oppsynsområde, totalt 61 lokale kontorer, med til sammen 93 ansatte ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjoner; to kystseksjoner, to nasjonalparkseksjoner, en rovviltseksjon og en naturveilederseksjon.

Hovedoppgavene er informasjon og veiledning, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette inngår også viktige oppgaver innen rovviltforvaltning, bl.a. bestandsregistrering og skadedokumentasjon knyttet til den lovfestede erstatningsordningen på bufe og tamrein. Virksomheten er basert på egne oppsynsstillinger i kombinasjon med kjøp av tjenester og samarbeid med andre oppsynsordninger lokalt og regionalt. SNO har også et overordnet ansvar for Skjærgårdstjenesten, en interkommunal ordning med hovedansvar for skjærgårdsparkene mellom Bergen og Halden. En viktig utfordring for naturoppsynet er å skape forståelse og respekt for regelverket som finnes på dette området.

Det blir lagt vekt på å etablere godt samarbeid med de andre aktørene innen naturoppsy. Dette gjelder både fjelloppsynet i regi av fjellstyrene, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særlig er samordning med politiet viktig når det gjelder kontrolloppgavene. Samarbeidet er formalisert gjennom avtaler, rolleavklaringer og tjenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturoppsynet mer effektivt og profesjonalisert. Virksomheten er fortsatt i vekst og utvikler seg i tråd med de rammer som finnes i lovforarbeider og gjennom den løpende styringsdialogen med Miljøverndepartementet.

